

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
053/2017	Formannskapet i Radøy	PS	07.09.2017
043/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	21.09.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	17/1695	17/10477

### Kommunal garanti for lån - Aufera AS

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Det ligg føre søknad frå Aufera AS om kommunal garanti for overtaking av nye lokale på Manger kai, tidlegare Manger Fiskemat. Salssum på det aktuelle bygget er sett til 5 mill, men seljar har samstundes sagt seg viljug til å overta Auferahuset i Mangersnesvegen 72 for kr 2,5 mill. Netto kjøpesum er såleis 2,5 mill. Bygget på kaien har stått tomt nokre år, og det må gjerast ein del oppgraderingsarbeid for å få bygget tenleg. Det er lagt til grunn 1 mill i oppgraderingskostnader. Aufera AS ønskjer såleis å låna 3,5 mill, og søkjer om kommunal garanti for dette.

##### Vurdering

Aufera AS er eit fullt ut kommunalt eigd aksjeselskap, med Austrheim, Fedje og Radøy som aksjonærar. Selskapet er ei godkjend VTA-verksemd.

Rådmannen er kjent med at Aufera har for lite plass i noverande bygg, og det har ikkje vore rom for utvida produksjon. Med nye lokale kan ein både utvida kapasiteten og produktspekteret.

Det ligg ikkje føre kostnadsoverslag på oppgraderinga, og det ligg heller ikkje føre analysar eller budsjett for drift og finansiering i nye lokale.

Når Aufera AS likevel søkjer om kommunal garanti, ser rådmannen dette i samanheng med at både styret og generalforsamlinga har uttrykt klår støtte til å kjøpa bygget. Rådmannen vurderer såleis overtaking av bygget på Manger kai først og fremst som ei «politisk» sak.

Rådmannen vil påpeika at ein kommunal garanti utgjer ein viss risiko.

I samband med tidlegare sak om garanti for 2 mill, er det inngått avtale med Austrheim og Fedje om høvesvis deling av ansvar for mogeleg konstatert tap som følgje av garantien. Rådmannen føreset at denne avtalen vert utvida med 3,5 mill.

Rådmannen føreset også at Radøy kommune får tinglyst pant i det nye bygget for all garanti som er stilt, dvs 5,5 mill.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldnargaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek opp til kjøp av eigedom på Manger kai, tidlegare Manger fiskemat.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 3.500.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av mogelege påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 3.850.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 20 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland.

### **Formannskapet i Radøy - 053/2017**

#### **FS - handsaming:**

Kenneth Taule Murberg (H) meiner det er behov for informasjon om Aufera sine planar om nye lokale på Manger-kaien.

*Taule Murberg sette fram følgjande tilleggsframlegg:*

Aufera blir beden om å informera om planane sine i kommunestyret.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg, med Taule Murberg sitt tilleggsframlegg sett fram i møtet.

#### **FS - vedtak:**

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldnargaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek opp til kjøp av eigedom på Manger kai, tidlegare Manger fiskemat.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 3.500.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av mogelege påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 3.850.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 20 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland.

Aufera blir beden om å informera om planane sine i kommunestyret.

### **Kommunestyret i Radøy - 043/2017**

#### **KS - handsaming:**

Vidar Grindheim (H) er styremedlem i Aufera, og Else Marie Skartveit Dale (KrF) og Morgan Taule (AP) er medlemmer i generalforsamlinga i bedrifta. Kommunestyret erklærte dei som ugilde i

denne saka, og dei deltok ikkje i handsaminga.

Dagleg leiar i Aufera, Kari Smith, orienterte om attførings- og VTA-bedrifta sine planar. Bedrifta har stort behov for større lokale, både til drift og lager. I dag er drifta for tungvindt.

Kari Smith peika på at lokalitetane på Manger-kaien vil gje bedrifta moglegheiter til å utvida tilbodet. Ho meiner det kan vera aktuelt med t.d. sommarkafe på kaien og mogleg andre fascilitetar for båtfolket.

Lokala som Aufera skal overta på Manger-kaien, vil også vera såpass store at det er aktuelt med utleige, t.d. til kontorlokale og lagerplass.

Kari Smith meiner det er viktig med ei satsing som det no vert lagt opp til, for at bedrifta skal vera liv laga i framtida. Ho meiner bedrifta representerer eit viktig tilbod som VTA-bedrift i denne delen av regionen.

Aufera er eigd av kommunane Radøy, Austrheim og Fedje. Rådmannen sa at Radøy kommune står som garantist, men at det vert inngått ein avtale mellom Radøy og dei to andre eigarkommunane om å ta sin del av det økonomiske ansvaret.

Dei som tok ordet i kommunestyret gav uttrykk for at Aufera er ein svært viktig arbeidsplass for den gruppa arbeidstakarar som er knytt til verksemda.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

#### **KS - vedtak:**

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldnargaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek opp til kjøp av eigedom på Manger kai, tidlegare Manger fiskemat.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 3.500.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av moglege påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 3.850.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 20 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland.